



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

ÅRSRAPPORT 2005

Molde 1. mars 2006



FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

ÅRSRAPPORT 2005

Denne årsrapporten er ei tilbakemelding til Fornyings- og administrasjonsdepartementet på tildelingsbrevet for 2005 og embetsoppdraga frå dei ulike departement og direktorat.

Som følge av prøveordninga i Møre og Romsdal – med etablering av ”einskapsfylke” frå 01.01.04 – vil fylkesmannens årsrapport berre omtale dei saksområda/resultatområda som Fylkesmannen i Møre og Romsdal framleis har ansvar for i prøveperioden. For dei andre saksområda/resultatområda – som i 2004 vart lagt til einskapsfylket v/fylkesdirektøren, viser eg til eigen årsrapport frå Møre og Romsdal fylke.

Eg kommenterer elles berre dei av saksområda/resultatområda våre der det er rapporteringskrav gjennom årsrapporten, men vil vise til annan og avvikande rapportering der dette er eller vil bli gitt. For den som søker ytterlegare og meir informative/heilskepelege opplysningar om talet på alle behandla saker, utførte tilsyn etc., må gå inn på heimesida vår – www.fylkesmannen.no/mr - og der bla seg nedover til vignetten ”Vareopptelling 2005”.

Molde, 1. mars 2006

Ottar Befring

Kjeld Brecke

ÅRSRAPPORT 2005 – INNHOLD

Innleiing	4
1 Økonomiske rammer og administrative føringar	4
2 Sentrale politiske føringar	4
3 Rapport resultatområde	7

Innledning

1. ØKONOMISKE RAMMER OG ADMINISTRATIVE FØRINGER

1.2 Ressurser

Økonomi:

Økonomiforvaltninga er underlagt eiskapsfylket v/fylkesdirektøren – og eg viser der til årsrapporten frå Møre og Romsdal fylke.

1.4 Saksbehandlingstid og systematisk sammenligning

Vi finn grunn til å peike på at mange av klagesakene våre er komplekse. Dette fører til at vi må ha ein grundig prosess før endeleg vedtak blir fatta. Dette inneber at fleire fagpersonar er inne før endeleg standpunkt blir tatt. Advokater er svært ofte inne i sakene på vegne av dei einskilde partane. Dette i tillegg til at førsteinstansen sine vedtak ofte ikkje er godt nok opplyst medverker til at saksbehandlingstida vår kan bli lengre enn ønskjeleg på grunn av at vi må sende sakene tilbake . Dette er også blitt forsterka med dataproblematikk internt. I tillegg har vi i lengre periodar hatt mindre saksbehandlarkapasitet enn tidlegare.

2. SENTRALE POLITISKE FØRINGAR

2.4 Oppvekst og utdanning

Tilsyn/klager - kommunar

Det er tydeleg at fleire skuleeigarar har ein veg å gå før dei har etablert eit forsvarleg kvalitetsvurderingssystem. Vi har ved fleire høve fokusert på kravet i opplæringslova og ser at dette må bli eit prioritert område også i 2006.

Vi ser at den skulefaglege kompetansen på kommunenivået er svekka. I tillegg er dei sakkunnige tilrådingane innan spesialundervisning av svært varierende kvalitet. Av dei 55 klagesakene vi har behandla, har vi sendt tilbake og/eller henta inn supplerande dokumentasjon for 12 klagesaker før vi kunne gjere vårt vedtak. Etter vår vurdering, må kommunane på ein betre måte kvalitetssikre dei dokument som er vedlagt slike saker til fylkesmannen.

I vår klagebehandling har vi synleggjort og gitt tilbakemelding der vi synest det er naudsynt med endring av rutinar, prosedyrar og samarbeid, samt betring av den faglege kvaliteten på individuelle opplæringsplanar, halvårsrapportar og den sakkunnige vurderinga. PP-tenesta bør ha ei sentral rolle i arbeidet med å sikre kvaliteten på dette arbeidet.

Den faglege utviklinga innan dette området, har også skjedd som ein følgje av dei nasjonale prosjekta som har vore gjennomført i vårt fylke (Samtak etc.), samt det fokus vi har sett på dette fagområdet ved kurs/konferansar, nettverksarbeid – og våre tilsynsbesøk. Sikring av det spesialpedagogiske fagområdet, med særleg fokus på ei velfungerande PP-teneste, vil framleis vere eit prioritert utviklingsområde for oss.

Dette året har vi sendt attende 12 klagesaker, der vi har bedt om fleire og betre opplysningar og/eller sagt frå om at nye dokument skulle utarbeidast og nytt vedtak skulle gjerast. I seg sjølv viser dette at ein del kommunar sender over saker til fylkesmannen, utan at dokumenta i saka er kvalitetssikra av kommunen. (jfr. forvaltingslova § 17). I vårt vidare arbeid vil vi hevde ei slik kvalitetssikring av kommunen i medhald av § 13-10 i opplæringslova.

Vi bad om at klagesakene for 2005/2006 som skulle avgjerast av fylkesmannen, måtte vere sendt inn innan 1. juni 2005. Berre 13 saker av i alt 55 saker kom til oss innan tidsfristen. Dette

betyr at størstedelen av klagesakene ikkje har vore avgjort i så god tid før skolestart at ei samla og heilskapleg planlegging kunne gjennomførast ved den enkelte barnehage/skole.

Samanlikna med skoleåret 2004/2005, så har vi for skoleåret 2005/2006 hatt ein nedgang i talet på klagesaker frå 102 til 55 klagesaker. Framleis vil det vere ei utfordring for kommunane at slike klagesaker er avgjort i god tid før skolestart. For 2006/2007 vil vi difor informere kommunane om at klagefristen til fylkesmannen inneverande år vil vere 1. mai 2006.

2.9 Samfunnstryggleik og beredskap

Store fjellskred

Store fjellskred og flodbølger er truleg den største naturbaserte risikoen for tap av menneskeliv i Norge, og fylkesmannen har gitt arbeid med denne risikoen høg prioritet. Arbeidet med fjellskredrisiko i Møre og Romsdal er organisert i to nivå. Fylkesmannen og fylket samarbeider med nasjonale aktørar om eit kartleggingsprosjekt for heile fylket (Fylkes-ROS for fjellskred). Dei risikoobjekta som gjennom ROS-en vert klassifiserte som kritiske, vert følgde opp i eigne delprosjekt. Åknes/Tafjord-prosjektet vart etablert i 2004, og det var god framdrift i dette prosjektet i 2005. Prosjektet går vidare i 2006 og 2007. Det er grunn til å merke seg at budsjettsøknaden for 2006 er på kr 31,3 mill medan løyvinga så langt er på vel 15 mill kr. Det er i seg sjølv ein risiko.

Fleire års arbeid med fjellskredrisiko har lært oss at regimet for handtering av tradisjonell skredrisiko ikkje fungerer for fjellskred. Etter gjeldande regelverk (naturskadelova, plan- og bygningslova mv.) er handtering av fjellskredrisiko eit *kommunalt ansvar*. I samsvar med *samvirkemodellen* har fleire etatar eit *delansvar*, men ansvar er ikkje forankra i nokon statleg etat. Enkle, men alvorlege kjennsgjerningar gjer dette til eit stort tankekors: Scenario med risiko for tap av over tusen menneskeliv bør vere eit nasjonalt sak. Og vidare: flodbølger følgjer ikkje kommunegrenser. Kommunar fleire mil unna risikoobjektet er prisgitt ”vertskommunens” initiativ og handlekraft.

Det er i denne konteksten interessant å samanlikne regima for handtering av fjellskred og flaum. I høve til liv og helse er iallfall ikkje fjellskred ein mindre samfunnsrisiko. Likevel er det slik at berre flaumrisiko har ei klar statleg forankring. NVE har ei klar rolle i heile problemkjeda – frå kartlegging til prosjektering, førebygging, varsling/beredskap og jamvel finansiering. Det same ansvaret har elles NVE for leirskred. Eit slikt heilskapleg grep er det ikkje kring fjellskred. NGU har eit avgrensa ansvar for ”grovkartlegging” og Statens naturskadefond er vist til som finansieringskjelde. Men ansvaret ligg hos den einaskilde kommune.

Det er viktig å understreke at trass vanskelege rammevilkår, er Åknes/Tafjord-prosjektet i god progresjon. Ekstrem handlekraft i kommunane og god ”dugnadsånd” frå alle i samvirkemodellen gjer at dette prosjektet på kort tid er kome langt lenger enn vi kunne vente. Likevel; dei førebelse erfaringane frå Åknes/Tafjord-prosjektet må ikkje verte ei sovepute. Det er framleis mange og store utfordringar som må løysast, og det er vanskeleg å tenkje seg at neste høgrisikoobjekt også skal handterast som ein tilsvarande dugnad. Åknes/Tafjord-prosjektet er i høgste grad eit forskings- og utviklingsprosjekt, og slik sett er det også eit tankekors at landets fremste og einaste ekspertise vert bygt på kommunalt nivå.

Vi er kjent med at det er sett ned ei interdepartemental gruppe som mellom anna skal vurdere staten sitt engasjement i høve til store fjellskred. Dette er eit godt og nødvendig initiativ. Problemstillinga berører mange departement sine ansvarsområde, men altså utan ei klar statleg forankring. For Møre og Romsdal er det ekstremt viktig at den interdepartementale gruppa

klargjer korleis risikoen for store fjellskred skal handterast, og at regimet vert handlekraftig – både geofagleg, beredskapsfagleg og økonomisk.

Kraftforsyning

Kraftforsyningssituasjonen er også ein aktuell risiko i fylket. Kraftsystemutgreiinga for Møre og Romsdal dokumenterer at fylket om få år vil oppleve ein vanskeleg kraftbalanse. Forsyningsunderskotet er i 2006 på om lag 4 TWh, og alt i 2008 vil underskotet vere 6 TWh grunna oppstart av gassproduksjon frå Ormen Lange. Utan ny produksjon vil underskotet auke ytterlegare til 8 TWh i 2012. Nye kraftlinjer inn til fylket vil til ein viss grad kunne kompensere for underskotet, men lange framføringslinjer er langt meir sårbare enn lokal produksjon. Nye linjer vil heller ikkje kunne vere på plass før tidlegast i 2012. Denne situasjonen er godt kjent i fylket og blant nøkkelaktørane, og gjennomføring av avbøtande tiltak er i hovudsak eit politisk og økonomisk spørsmål. Fylkesmannen vil for sin del arbeide vidare med å kartlegge og dokumentere lokalsamfunna si sårbarheit i konkrete knappheitssituasjonar og førebu regionale styresmakter og kommunane på gjennomføring av dei krisetiltak som kan verte nødvendige.

Fylkesmannen må peike på at det i realiteten berre er gasskraftverk i møre og Romsdal som kan avhjelpe den kritiske situasjonen vi er i. Det er planar om gasskraftverk på Tjeldbergodden og i Fræna og det er finansielle aktørar som kan ta på seg utbygginga dersom tilhøva blir lagt til rette for det. Dei kan då byggje konvensjonelle gasskraftverk med best tilgjengeleg teknologi og i samarbeid med staten leggje til rette for CO₂reinsing der staten finansierer reinsinga.

Øvingar og tilsyn

I 2005 gjennomførte fylkesmannen beredskapstilsyn med 9 kommunar og krisehandteringsøvingar for 10 kommunar. Hovudinstrykket er at kommunane i fylket er godt budde på å takle kriser, men at det finst ein del å hente på revisjon av beredskapsplanverk og betre integrering av samfunnstryggleik og beredskapsomsyn i kommunane si ordinære tenesteyting og planlegging. Tilsyna avdekte *avvik* frå krav heimla i lov og forskrift i fire kommunar, alle gjaldt manglande/mangelfull plan for helsemessig og sosial beredskap.

3. BESKRIVELSE AV DE ENKELTE RESULTATOMRÅDENE

Som nemnd innleiingsvis vil eg her berre omtale oppgåver som Fylkesmannen i Møre og Romsdal i 2005 har hatt som sine ansvarsområde. Ytterlegere oversikt over sakstala på disse områda, vil ein for øveig finne ved å gå inn på fylkesmannens heimeside – under www.fylkesmannen.no/mr og der bla seg ned i nyhendearkivet til ”Fylkesmannens vareopptelling – årsrapport 2005” (pr.24.01.06)

3.0 Oppgåver for Kongehuset

Resultatområde 00.1: Kongelige besøk		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
00.1	<ul style="list-style-type: none">• Forberede og gjennomføre kongelige besøk i fylket• Gjennomgå og vurdere alle sider av planlegging og gjennomføring av besøk i samråd med Slottet etter avsluttet besøk.	Ingen rapporteringsplikt.

Resultatområde 00.2: Tildeling av ordener og medaljer		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
00.2	<ul style="list-style-type: none">• Forberede tildeling, og forestå utdeling, av Kongens fortjenestmedalje• Gi informasjon om ordener og medaljer som utdeles av H.M. Kongen• Utdel ordener etter anmodning fra Ordenskanselliet• Formidle lokal presseomtale, leserinnlegg m.v av interesse til Slottet• Videreformidle/besvare brev og henvendelser til/fra Slottet	Ingen rapporteringsplikt.

3.1 Oppgåver på Miljøverndepartementets område

Resultatområde 01: Biologisk mangfold		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
01. 4	RE1 Fylkesmannen skal bidra til at viltet og dets leveområder blir forvaltet slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares, samt at offentlige tjenester og saksbehandling	Det blei ferdigbehandla 15 klager over vedtak i medhald av viltloven med forskrifter i 2004. 2 av klagen blei avvist fordi det som var påklaga ikkje var enkeltvedtak. I de resterande 13 sakene ble kommunane sine vedtak stadfest. Dette viser at kommunane i all hovudsak kjenner til og praktiserer viltloven med forskrifter på ein tilfredsstillande måte.

	innenfor villtlovens virkeområde har god kvalitet	Vi må likevel vedgå at det i enkelte kommunar er permanent eller periodisk manglande kompetanse innafør viltforvaltning. Kvart år får vi løyst nokre saker før det blir klagesaker ved at vi tar direkte kontakt med kommunen for å informere, rettleie og eventuelt instruere i korleis sakene skal behandlast
--	---	---

Resultatområde 09: Regional planlegging		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
09.3.	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle krav om saksomkostningar etter forvaltningsloven i plan- og byggesaker. • Behandle søknadar frå kommunane om forlenging av bygge- og deleforbud. • Behandle klager over kommunale vedtak etter plan- og bygningsloven og prioritere klager der det er gitt oppsettande virkning etter fvl § 42. • Førebu klagesaker som skal til Miljøverndepartementet. • Trygge enkeltpersonars rettsstilling og sørge for at hensyn til mellom anna estetikk, helse, miljø og sikkerheit blir teke i vare i dei enkelte plan- og byggesakene. • Bistå Regjeringsadvokaten i rettsaker der Staten v/Miljøverndepartementet er saksøkt 	<p>Klage på reguleringsplan: Behandla 34 saker. Stadfesta 30, oppheva 4.</p> <p>Saksbehandlingstida har variert gjennom året, men sakene er behandla innan fire månader.</p>

Resultatområde 11.2 : Tilsyn		
11Re.2	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle tilsyn som eit sentralt virkemiddel på forureiningsområdet i samsvar med gjeldande tilsynsstrategi for SFT og FM 	11Ra.2 Dette er rapportert til SFT fortløpende for kvar aksjon.
11Re.3	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom aksjonsretta tilsyn sette fokus på kilder for spreining av prioriterte kjemikalier, handtering av farleg avfall og deponier. 	11Ra.3 Dette skal rapporteres til SFT innan 15.3.2006.
11Re.4	<ul style="list-style-type: none"> • Gjennom eigeninitiert tilsyn prioritere virksomheiter med betydeleg miljørisiko (knytta til bruk og utslipp av prioriterte kjemikalier eller handtering av farleg avfall), og virksomheiter der det er avdekka eller er mistanke om sers alvorlege avvik 	Tilsynsarbeidet er prioritert i forhold til tidlegare år. Det står likevel mykje att før målsetting på om lag 2 årsverk er nådd.

3.2 Oppgaver på Landbruksdepartementets område

Resultatområde 23: Ressurs- og eideomspolitikk		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
23.2	<ul style="list-style-type: none"> Vere saksførebuaende organ for fylkeslandbruksstyret som er klageorgan etter landbrukets særlover 	Eigen rapport sendt 1.2.2006 til Statens Landbruksforvaltning.

3.3 Oppgaver på Utdannings- og forskningsdepartementets område

Resultatområde 31: Tilsyn, klagebehandling og lovlighetskontroll		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
31.1	<ul style="list-style-type: none"> Utøve tilsyn med at kommunar og fylkeskommunar og andre som driv opplæring med bakgrunn i opplæringsloven og friskoleloven følgjer lover og forskrifter, jf. opplæringsloven § 14-1, § 4A-10 og friskoleloven § 7-2. Føre tilsyn på utvalgte område. Ved brudd på regelverket gis det pålegg om retting så langt det er nødvendig for at krav i lov og forskrift skal bli oppfylt 	<p>I 2005 er behandla 13 klager etter opplæringslova i dei vidaregåande skulane der Møre og Romsdal fylke er skuleeigar. 5 klager blei tatt til følgje, desse var alle om spesialundervisning. 8 klager vart avvist av di det ikkje var klagerett på avgjerda.</p> <p>Det har vore gjennomført 4 tilsyn med dei vidaregåande skulane i 2005. Dette var tilsyn med 2 skular innafør området spesialundervisning, og 2 tilsyn som omhandla elevanes sitt skulemiljø. I alle tilsyna blei det avdekt avvik frå krava i opplæringslova, og Møre og Romsdal fylke er i gang med arbeidet for å lukke desse avvika. Fylkesmannen vil følgje opp dette arbeidet i 2006.</p> <p>Er gjennomført 6 kommuneretta tilsyn i 2005. I ein del av tilsyna har fylkesmannen gitt pålegg og frist for skuleeigar til å kome med ein plan for korleis pålegg om retting blir følgd opp. Fylkesmannen har gjennomført 5 tilsyn med friskular. Vi har gitt pålegg om retting av einkilde avvik knytt til å ha system for vurdering og elevane sitt skulemiljø etter opplæringslova § 9A. Her også har skuleeigar fått ein frist for å kome med ein plan for korleis pålegg blir retta opp.</p>
31.2	<ul style="list-style-type: none"> Behandle klager på enkeltvedtak i grunnskolen og i vidaregåande opplæring i henhold til opplæringsloven og friskoleloven og forskrifter til desse Behandle klager vedrørende spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder, jf. kap. 5 i opplæringsloven 	<p>Etter §5-1 har vi hatt 43 klager på spesialundervisning i grunnskulen, 19 saker fekk medhald, 24 saker ikkje medhald og 7 saker vart tilbakesendt for ny behandling. 4 klager etter §4A-2 spesialundervisning for vaksne i grunnskulen – 1 sak fekk medhald, 3 ikkje medhald</p> <p>Fylkesmannen har mottatt 15 klager som gjeld skuleskyss. Av desse vart det gjort vedtak i 9 saker i 2005. I 5 av sakene fekk klagaren medhald, medan klagen vart avslått i to av tilfella. To av sakene er sendt tilbake for ny behandling. I desse sakene fekk klagar medhald inntil nytt kommunalt vedtak vart fatta. Av dei seks sakene som ikkje vart avgjort ved årsskiftet, er</p>

		det etter årsskiftet gitt medhald i ein klage, medan to klager ikkje er imøtekomne. Fylkesmannen behandla 8 klagesaker etter §5-7 i opplæringslova, 3 medhald, 7 ikkje medhald.
--	--	--

3.4 Oppgåver på Barne- og familiedepartementets område

Resultatområde 41: Barnehage		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
41.2	<ul style="list-style-type: none"> Føre tilsyn med barnehagar, jf. barnehagelovens § 10 Behandle klagesaker etter barnehageloven med forskrifter 	Fylkesmannen har behandla 4 klagesaker etter "Forskrift om likeverdig behandling i forhold til offentlige tilskudd" og 1 klagesak etter "Forskrift om foreldrebetaling i barnehagar" Klagaren fekk ikkje medhald i nokon av sakene.

Resultatområde 42: Ekteskapsloven		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
42.	<ul style="list-style-type: none"> Behandle søknader om separasjon og skilsmisser 	Behandla totalt 1058 saker i 2005, fordelt på 585 separasjonar og 474 skilsmisser. Sakene er behandla innan ein månad når begge partar søker og all dokumentasjon ligg ved. Søknader om separasjon vert prioritert. Det er lengre saksbehandlingstid når berre den eine parten søker. Bur den part som ikkje søker i utlandet så vert saksbehandlingstid enda lengre.
42.4	<ul style="list-style-type: none"> Behandle klager på at meklar ikkje skriv ut meklingsattest 	Det er i 2005 ikkje motteke klager på at meklar ikkje har skreve ut meklingsattest. Meklingsstatistikk er sendt direkte til SSB 14.02.06

Resultatområde 44: Familievern		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
44	<ul style="list-style-type: none"> Føre tilsyn med verksemda ved familievernkontora Avlegge minst eitt tilsynsbesøk pr. år ved kvart av familievernkontora i fylket Behandle skriftlege og muntlege klager frå brukarar av familievernkontora 	Har gjennomført tilsyn på alle tre familievernkontora. Eigne rapportar frå tilsyna er utarbeidd og sendt familievernkontora, og det er utarbeidd årsrapport som er sendt til departementet. Det går fram av rapportane kor mange klager det har vore på dei enkelte familievernkontora. Når det gjeld ekstern meklar har vi mottatt berre ei klage.

Resultatområde 45: Barnevern		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
45.1	<ul style="list-style-type: none"> Tilsyn med barneverninstitusjonar og oppfølging av den kommunale barneverntenesta Utføre tal pålagte tilsyn med offentlege og private 	Gjennomført tilsyn med alle 7 barneverninstitusjonane fordelt på 9 einingar. Av desse utgjer 19 tilsynsbesøk "individtilsyn", 10 av desse tilsyna var umelde. I tillegg er det utført 7 systemrevisjonar og 2 ekstra tilsyn i samband med klage frå bebuar.

	<p>barneverninstitusjonar og private heimar som er definert som institusjonar</p> <p>2. Føre tilsyn med den kommunale barneverntenesta. Sjå til at kommunane utfører dei oppgåver dei er pålagt etter loven, herunder at dei utfører tilsyn med fosterheimar, har oppnemnt tilsynsførar og utarbeidd tiltaksplanar eller omsorgsplanar for barn som er plassert i fosterheim eller institusjon</p> <p>3. Følgje nøye med i utviklinga av den kommunale barneverntenesta og sjå til at kommunane rapporterer om tidsbruken i den enkelte barnevernsak og følgje opp dei kommunane som bryt tidsfristane herunder også dei frister som er satt for førebuing av saker for fylkesnemndene. (Jf. Bvl § 7-3)</p> <p>4. Rettleie og informere kommunar om lover og forskrifter</p> <p>5. Følgje opp og bidra til at kommunale tverretatlege planar for førebyggjande tiltak i barnevernet og andre tenester blir videreutvikla</p> <p>6. Koordinere og stimulere til lokale tiltak for å styrke oppvekstmiljøet i samarbeid med andre regionale statlege myndigheiter</p>	<p>Systemtilsyn med 3 kommunar: Averøy, Molde og Ørsta i desember 2005</p> <p>Følgd opp tidsbruken ved gjennomgang av halvårlege rapportar frå kommunane, kontroll av opplysningane, oppfølging av einsskilde kommunar særskilt ved brev til kommunane Nesset, Rauma, Stranda, Sunndal, Vestnes og Ålesund, Averøy, Frei for å etterspørre årsaker til fristoverskridingar.</p>
--	---	---

3.5 Oppgåver på Justisdepartementets område

Resultatområde 51 Siviladministrasjon		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
51.2	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle klager på vedtak • Føre tilsyn med overformyndarane. Desisere overformynderia sin rekneskap og hjelpevergerekneskapa. • Halde kurs for overformyndarane i fylket 	Behandla 29 saker i 2005.

Resultatområde 52: Borgarrettigheter		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
52.3	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle klager over vedtak fatta av folkeregistra i samsvar 	Ingen rapporteringsplikt.

	med lov om personnavn	
--	-----------------------	--

Resultat område 53: Regional samordner innen samfunnsikkerhet og beredskap		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
53.1	<ul style="list-style-type: none"> Samordne statlege myndigheites forventningar til samfunnsikkerheit og beredskap i fylket og tilrettelegge for mest mogleg koordinerte beredskapsrettleggjing, tilsyn og øvingar. 	<p>Deltaking i fylket sitt planforum. Arrangert lokalt beredskapsseminar for kommunane. Arrangert omsorgsberedskapsseminar. Delteke i distriktsrådsmøte og AO-møte HV-11 Delteke i Helse Midt-Norge sitt arbeid med ROS Samarbeid med Sivilforsvaret om øvingar. Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsn. 2.9.</p>
53.2	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre systematisk analyse av risiko og sårbarheit i fylket knytt til serlege risiko-område, aktuelle risikoverksemder og samfunnskritiske funksjonar, og følgje opp dette arbeidet gjennom forebyggjande samfunnsikkerheit, sivilmilitært samarbeid, øvingar og krise- og beredskapsplanleggjing. 	<p>FylkesROS-fjellskred starta opp, jf. avsn. 2.9. Delteke i Åknes/Tafjord-prosjektet, jf. avsn. 2.9 FylkesROS-transport planlagt, startar opp i 2006. FylkesROS-sjø planlagt, startar opp i 2006.</p>
53.3	<ul style="list-style-type: none"> Ivareta ein koordinerande rolle i samband med regional og kommunal beredskapsplanleggjing. Risiko- og sårbarheitsanalyser er eit viktig hjelpemiddel i dette. 	<p>Arrangert lokalt beredskapsseminar for kommunane. Arrangert omsorgsberedskapsseminar. Pådrivar i arbeidet med fjellskredrisiko, jf. avsn. 2.9.</p>
53.4	<ul style="list-style-type: none"> Følgje opp kommunale og regionale beredskapsførebuingar til handsaming av flaum og skred i og ved vassdrag, dambrot og ekstraordinære kraftsituasjonar 	<p>Hovudtema lokalt beredskapsseminar for kommunane.</p>
53.5	<ul style="list-style-type: none"> Hjelpe helsemyndigheitene med oppfølging av lov av 23. juni 2000 nr 56 om helsemessig og sosial beredskap, og dets krav til helse- og sosialtenesta, herunder risiko- og sårbarheitsanalyser og beredskapsplanar. 	<p>Kartlegging gjennomført våren 2005. De fleste kommunane har vedtatt plan basert på risiko og sårbarheitsanalyser. 70% av kommunane ønska meir bistand frå fylkesmannen/ Helsetilsynet i det vidare beredskapsarbeidet. Hausten 2005 blei det gjennomført to dagars seminar for kommunane og helseforetaka i fylket med fokus på plan om helsemessig og sosialberedskap. Informasjon om verktøy og malar for arbeid med planane er gjort kjent for kommunane.</p> <p>Fylkesmannen/ Helsetilsynet har i 2005 hatt fokus på samarbeid mellom kommunane, og mellom kommunane og spesialisthelsetenest. Fylkesmannen har i samarbeid med Helsetilsynet gjennomført ni systemrevisjonar overfor kommunar innan temaet samfunnsikkerheit og beredskap inkludert plan for helsemessig og sosialberedskap.</p>
53.6	<ul style="list-style-type: none"> Bidra til å styrke smittevernberedskapen gjennom eigen planleggjing og bistand til kommunane i samarbeid med nasjonale fagmyndigheiter. 	<p>Kommunal smittevernberedskap vert i nokre tilfelle inkludert i fylkesmannens beredskapstilsyn med kommunane.</p>

53.7	<ul style="list-style-type: none"> Hjelpe i avvikling av gamle helseberedskapslagre av medisinsk materiell og utstyr til kommunar, helseforetak, stat, humanitære og frivillige organisasjonar. 	Alle helseberedskapslagra i fylket er no avvikla.
53.8	<ul style="list-style-type: none"> På førespurnad bistå Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap i arbeidet med å utarbeide evalueringsrapportar etter større hendingar. 	Gjennomført. Rapportert til DSB i samband med tsunamikatastrofen og ekstremveret LOKE i november 2005
53.9	<ul style="list-style-type: none"> Arrangere den årlege beredskapsdagen i eige fylke. 	Gjennomført. Kolvikbakken ungdomsskole 19.04.05.
53.10	<ul style="list-style-type: none"> Vere representert i beredskapsutvala ved lufthavnene. 	Gjennomført Delteke i møte ved Molde lufthamn.
53.11	<ul style="list-style-type: none"> Hjelpe fylkeskommunen i arbeidet med avviklinga av Transportberedskapsorganisasjonen (TBO) og etableringa av ei ny ordning for transportberedskap tilpassa utfordringane i fylket. 	Starta samarbeid om fylkesROS-transport i 2005 Proessen går vidare i 2006.
53.12	<ul style="list-style-type: none"> Aktivt bidra til å tilrettelegge for hensiktsmessig samarbeid om beredskapsførebuingar og krisehåndtering, herunder korleis frivillige beredskapsorganisasjonar kan trekkast best mogleig med i regionalt og lokalt beredskapsarbeid 	Ingen særskilte tiltak gjennomført.

Resultatområde 54: Rettleiar og pådrivar overfor kommunane

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
54.1	<ul style="list-style-type: none"> Gi dei kommuneretta aktivitetane høg prioritet, og prioritere aktivitetane ut frå venta nivå på kommunane sin samfunnssikkerheit og beredskapsarbeid. I større grad differensiere mellom kommunane ut frå kommune-storleik, ei vurdering av utsatt-heit/grad av risiko i den enkelte kommune/region og/eller ut frå ei vurdering av kommunane sitt behov for bistand. 	Høg prioritet av tilsyn og øvingar i kommunane. Høg prioritet av det interkommunale Åknes/Tafjord-prosjektet.
54.2	<ul style="list-style-type: none"> Oppfordre og legge til rette for interkommunalt samarbeid innan samfunnssikkerheit og beredskap, for å sikre at kommunane effektivt bruker kvarandres kompetanse på samfunnssikkerheit og beredskap ved gjennom- 	Deltaking og pådrivar i det interkommunale Åknes/Tafjord-prosjektet. Gjennomført fellesøvingar for to-og-to kommunar. Oppfordra til interkommunale løysingar i samband med tilsyn og seminar.

	føring av risiko- og sårbarhetsanalyser, implementering av kriseinformasjonstiltak med meir	
54.3	<ul style="list-style-type: none"> Vere pådrivar og kompetanse-givar for kommunane sitt helheitlege og samordna krise- og beredskapsplanverk. 	<p>Arrangert lokalt beredskapsseminar for kommunane. Rettleiing i samband med tilsyn. Jamt arbeid med rettleiing etter førespurnad frå kommunane.</p>
54.4	<ul style="list-style-type: none"> Samordne og føre tilsyn med samfunnssikkerheits- og beredskapsarbeidet i kommunane. Tilsyna må være målretta, herunder vurdere kommunens system og rutiner for å ivareta samfunnsikkerheit og beredskap i dei ordinære plan- og styringssystema. 	<p>Gjennomført tilsyn med ti kommunar: Haram, Stordal, Ørskog, Sandøy, Fræna, Nesset, Gjemnes, Halså og Smøla. Gjennomført og dokumentert iht. DSB sine retningslinjer.</p>
54.5	<ul style="list-style-type: none"> Øve kommunane i strategisk krisehandtering, mellom anna med fokus på informasjon til kommunane sine innbyggjarar. 	<p>Gjennomført øvingar for 10 kommunar: Vanylven, Sande, Volda, Ørsta, Sykkylven, Skodje, Vestnes, Midsund, Surnadal og Rindal. Gjennomført iht. DSB sine retningslinjer. Var praktisk tilretteleggar for DSB si øving av Rauma kommune.</p>
54.6	<ul style="list-style-type: none"> I etterkant av større kriser og ulykker ta initiativ til og bistå berørte kommune(r) i deira evaluering av eigen krisehandtering for å sikre at nødvendige forbetringar blir gjort. 	<p>Gjennomført i etterkant av tsunami-katastrofen. Elles ingen større hendingar i 2005.</p>
54.7	<ul style="list-style-type: none"> Bistå kommunane i arbeidet med å rydde i utdaterte graderte dokument og sørge for at desse blir behandla etter gjeldande regelverk. 	<p>Utvikla retningslinjer for gradert arkiv og personelltryggleiksarbeid i mindre kommunar. Retningslinjene implementert i nokre kommunar, fleire i løpet av 2006.</p>
54.8	<ul style="list-style-type: none"> På hensiktsmessig måte vidareformidle nasjonale beredskapsmyndigheiter sine risikovurderingar til dei aktuelle kommunane. 	<p>Varsel om flaum (10) og ekstremver (4) vidareformidla iht. retningslinjer frå NVE og DNMI.</p>
54.9	<ul style="list-style-type: none"> Følgje opp iverksettinga av atomulykkesberedskapen i kommunane. Oppfølgjinga skal sjåast i sammenheng med oppfølgjinga av lov om helsemessig og sosial beredskap. 	<p>Ingen særskilte tiltak gjennomført.</p>

Resultatområde 55: Førebyggjande samfunnssikkerheit i arealplanlegginga

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
55.1	<ul style="list-style-type: none"> Ha oversikt over viktige samfunnssikkerheits- og beredskapsmessige utfordringar knytt til særskilte risikoområde, risikovirkosomheiter, klimaforhold og samfunnskritiske funksjonar i 	<p>Oppstart av fylkesROS for tre ulike tema: fjellskred, transportberedskap og brann-/ulykkesberedskap til sjøs. Deltaking i Åknes/Tafjord-prosjektet. Vidareutvikling og ajourhald av gislink.no</p>

	<p>arbeidet med førebyggjande samfunnssikkerheit i fylket. Aktiv informasjonsinnhenting, bruk av geografiske informasjonssystem (GIS) og oppfølging av regionale risiko- og sårbarheitsanalyser. Skal sjå til at kommunane følgjer opp risikoområder for skred og kvikkleire som er avdekka.</p>	
55.2	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at førebyggjande samfunnssikkerheit ivaretas i fylkesplanlegginga, i konsekvensutgreiningar og i kommunane si arealplanlegging etter plan- og bygningsloven for å sikre liv, helse, kritiske samfunnsfunksjonar og materielle verdiar mot ekstraordinære hendingar. 	<p>Gitt innspel til ny fylkesplan. Gitt innspel til konsekvensutgreiing av nytt sjukehus i Molde. Intervju av planansvarlege og planleggjarar under tilsyn. Samfunnstryggleik i planprosessar er hovudtema under tilsyn.</p>
55.3	<ul style="list-style-type: none"> • Informere, rettleie og påverke kommunane ved rullering av kommuneplanen, med omsyn til korleis samfunnssikkerheit og beredskap kan følgjast opp i arealplanlegging, reguleringsplanar og bebyggelsesplanar. Skal være spesielt merksam på behovet for sikring av kommunane sine drikkevannskilder i arealplanlegginga. 	<p>Miniseminar for nøkkelpersonar i kommunesamanslåinga Aure/Tustna. Miniseminar for Sandøy kommunestyre og sentraladm. Hovudtema under tilsyn. Innspel til kommunale planprosessar.</p>
55.4	<ul style="list-style-type: none"> • Gi råd om oppfølging av risiko og sårbarheit kommunane står overfor. 	<p>Kontinuerleg prosess.</p>
55.5	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at kommunane samordner og utnytter kompetansen og informasjonen som ligg føre om kommunens risiko- og sårbarheitsforhold i brann- og redningstenesta og i kommuneplanmiljøet 	<p>Hovudtema under tilsyn og øvingar.</p>

Resultatområde 56: Ivaretaking av forpliktingar vedrørande samordning ved ekstraordinære kriser i fred, sikkerheitspolitiske kriser og krig

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
56.1	<ul style="list-style-type: none"> • Ansvar for å betra regionale myndigheiter sin evne til å samhandle og handtere ekstraordinære påkjenningar og kriser. Fylkesmannen arbeider for å styrke samfunnet sin beredskap mot krisesituasjonar i fred, mot terror og sabotasje og sikkerheitspolitiske kriser og krig. 	<p>Kontinuerleg oppgåve. Ingen særskilte tiltak gjennomført.</p>

56.2	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre årleg øving/samling for embetet si leiargruppe og krisestaben for å teste korleis planverket og kriseorganisasjonen fungerer, og for å sikre bevisstheit og kunnskap om fylkesmannen si rolle og funksjon. 	Ikkje gjennomført i 2005.
56.3	<ul style="list-style-type: none"> Ha eit oppdatert kriseplanverk for å ta vare på samordningsfunksjonen i fred, sikkerheitspolitiske kriser og krig. Planverket skal dekke samla ansvar for krisehandtering og tilpassast utfordringane i det enkelte fylke. 	Gjennomført.
56.4	<ul style="list-style-type: none"> Under krisesituasjonar ta ei koordinerande rolle i samband med informasjonshandtering, inklusive varselmottakar og formidlar, og ev. bistå med tilgang av ekstraressursar under krisesituasjonar i samband med NVE, vassdragssektoren og kraftforsyninga sine aktørar. 	Gjennomført under tsunamikatastrofen.
56.5	<ul style="list-style-type: none"> Ha oppdatert plan for det regionale atomberedskapsutvalet (ABU). 	Gjennomført.
56.6	<ul style="list-style-type: none"> Vedlikehalde og vidareutvikle atomulykkeskompetansen i embetet og atomberedskapsutvalet (ABU) ved deltaking på kurs og øvingar. 	Fylkesberedskapssjef deltok i arbeidsgruppe som reviderte plangrunnlaget for den regionale atomberedskap. Rapport avlevert til samarbeidsutvalet for fylkesmennene og Statens strålevern i desember 2005.
56.7	<ul style="list-style-type: none"> Følgje opp forskrift for bygg- og anleggsberedskapen mellom anna gjennom oppdatering av ressursdatabasen og utskriving av både anleggsmaskiner og bygg og anleggstenester. Fylkesmannen skal i tillegg sjå til at eigne fastlagte forskrifter blir fulgt, og rapportere om status for utskrivingsarbeidet i samsvar med forskrift for fagfeltet. 	Ikkje gjennomført. Forsvaret har ikkje meldt behov for bygg- og anleggsressursar i Møre og Romsdal på fleire år..
56.8	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre minst eitt årleg møte i fylkesberedskapsrådet og i atomberedskapsutvalet. 	Ikkje gjennomført i 2005. Utsett til mars 2006.
56.9	<ul style="list-style-type: none"> Halde pålagte instruksar og planar for kryptoutstyret og sambandstenesta oppdatert, og legge til rette tenesta slik at personellet får høve til å praktisere og vedlikehalde kunnskapar, slik at dei til ei kvar tid er i stand til å operere det 	Gjennomført.

	graderte systemet.	
--	--------------------	--

Resultatområde 57: Sivilt-militært samarbeid		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
57.1	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til økt samarbeid med Forsvaret for å beskytte sivilbefolkninga og viktige samfunnsinteresser. Fylkesmannen og regionale militære myndigheiter blir oppfordra til samarbeid for å etablere heilskapleg og samordna krisehandtering på regionalt nivå, herunder planverk og øvingar. 	Aktiv dialog med lokalt heimevernsdistrikt iht. deira omorganisering. Implementering av nye samarbeidsforum og former utsett til 2006 – når HV sin nye organisasjon er på plass.
57.2	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at sivile- og militære myndigheiter utarbeider eit planverk tilpassa kvarandre, og vil få oppgåver knytt til oppfølging av det nasjonale krisepplansystemet når dette ligg føre. • Gi aktuelle bidrag til Forsvaret i fylket i utviklinga av planverk basert på Beredskapssystem for forsvaret (BFF). • Førebu implementeringa av nytt Sivilt beredskapssystem (SBS). 	Jf. pkt. 57.1. Delteke på seminar om SBS, implementering påbegynt.
57.3	<ul style="list-style-type: none"> • Vere ein aktiv part i revisjon oppdatering av planverket for skjermingsverdige objekt (tidligere kalla nøkkelpunkt og distriktsobjekt). 	Ikkje gjennomført i 2005, utsett til 2006.
57.4	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til sivilt - militært samarbeid gjennom deltaking i Totalforsvarsnemndene. 	Ingen møte i lokal totalforsvarsnemnd i 2005.
57.5	<ul style="list-style-type: none"> • Gi utvalgte sivile leverandørar fritak i samsvar med fritaksordninga for nye bedrifter med leveransar for Forsvaret. 	Gjennomført.

3.6 Oppgåver på Kommunal- og regionaldepartementets område

Resultatområde 63: Kommunalrett og valglov		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
63.1	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleie kommunane i kommunalrettslege spørsmål. • Behandle lovligheitsklager (lovlighetskontroll) frå eit mindretall i kommunestyret og 	Fylkesmannen har behandla 8 lovlegheitsklager i 2005. 5 saker etter krav frå eit mindretal i kommunestyret, og 1 sak av eget tiltak. I 2 saker – etter oppmoding - fant vi ikkje grunn til å ta saka opp til lovlegheitskontroll av eige tiltak.

	eventuelt iverksette lovlighetskontroll av eige tiltak	
--	---	--

Resultatområde 64: Forvaltningsrett og offentlighetslov i forhold til kommunene

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
64.1	<ul style="list-style-type: none"> • Rettleie kommunane og svare på henvendingar vedrørende forvaltningsrett og offentlighetslov i kommunalrettslege saker • Behandle klager på enkeltvedtak truffe av kommunestyre, jf. forvaltningsloven § 28 andre ledd • Behandle klager over avslag om partsinnsyn i kommunale saker, jf. Forvaltningslovens § 21 • Behandle klager over avslag om begjæringer om innsyn etter offentlighetsloven § 9 tredje ledd 	<p>Fylkesmannen har i 2005 behandla 5 klager over avslag frå kommunane om å gje innsyn i dokument. 2 av klagen vart teke til følgje. Fylkesmannen har i 2005 gjeve fleire uttaler knytt til forståinga av offentlegheitslova.</p> <p>Spørsmål kring innsyn i saksdokument er ei problemstilling som ofte byr på vanskelege vurderingar for kommunane, og pressa viser ei aukande interesse for dette området..</p>

Resultatområde 66: Bolig og bygningsrett

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
66.1	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle klager og enkelte førsteinstansvedtak etter plan- og bygningsloven • Behandle krav om sakskostnadar i slike saker etter forvaltningsloven • Informere om regelverket til kommunane, private partar, næringslivet og andre brukarar • Informere og rettleie, særlig små kommunar og kommunar med liten kompetanse på området, men også private partar og eventuelt andre brukarar 	<p>Saksmengda innafor dette fagområdet er sterkt aukande frå 2004. I 2004 behandla vi 166 saker mens i 2005 har vi behandla 196 bygge- og frådelingssaker etter plan- og bygningslova. Av 196 klagesaker vart 35 vedtak oppheva eller endra. 8 klager vart avvist utan realitetsbehandling. 153 klager på kommunane sine vedtak vart stadfesta.</p> <p>Saksbehandlingstida for bygge- og frådelingssaker ligg mellom 3 og 4 månader. Som følgje av den sterke auken i saksmengda, har vi ikkje lukkast i å halde saksbehandlingsfristen på 3 månader i 2005. Dette vil det bli jobba aktivt med i 2006.</p>
66.2	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle saker vedrørende ekspropriasjon og forhåndstiltredelse etter oreigningsloven samt saker om ekspropriasjon etter plan- og bygningsloven. 	<p>I 2005 har fylkesmannen behandla 4 klager om oreigning, og alle vedtaka vart stadfesta.</p>
66.4	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle klager på seksjonering etter lovens § 10 	Ingen
66.5	<ul style="list-style-type: none"> • Behandle klager på kommune-styrets vedtak om å benytte seg av forkjøpsrett etter loven 	Ingen

3.7 Oppgåver på Helse- og omsorgsdepartementets og Arbeids- og sosialdepartementets område

Resultatområde 71: Folkehelsearbeid		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
71.2	<ul style="list-style-type: none"> Behandle klager etter lov om helsetenesta i kommunane kapittel 4a med tilhørande forskrifter Samarbeide med utdanningsavdelinga ved klager på barnas arbeidsmiljø etter opplæringsloven kapittel 9a. 	Har behandla ei klagesak etter kommunehelsetenestelova.

Resultatområde 72: Primærhelsetenesta		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
72.2	<ul style="list-style-type: none"> Behandle saker etter Lov om helsetjenesten i kommunene med tilhørende forskrifter. 	Ingen rapporteringsplikt.

Resultatområde 76: Rettleiing, kompetanseheving, infovirksomhet		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
76.2	Psykisk helse	
76.2.1	<ul style="list-style-type: none"> Vedtak må treffast snarast, umiddelbar tilbakemelding til klagar og kommunelegen 	Ingen rapporteringsplikt.
76.2.2	<ul style="list-style-type: none"> Vedtak må treffast snarast, klagar og institusjon må få melding 	Ingen rapporteringsplikt.
76.3.1	<ul style="list-style-type: none"> Saks- og klagesaksbehandling knyttet til alkoholloven. Gi generell veiledning i forhold til alkoholloven til kommunene f.eks. gjennom informasjon, kurs mv. 	Eigen rapport til Sosial- og helsedirektoratet følger som vedlegg.

3.8 Oppgaver på Helsetilsynets område

Resultatområde 81: Tilsyn og klagesaksbehandling etter sosialtenesteloven		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
81.1	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre minst 11 tilsyn med sosialtenesta som systemrevisjoner. Gjennomføre stedlig tilsyn ved kvart tiltak der kommunen og/eller spesialisttenesta har vedtatt å bruke tvang og makt i henhold til kapittel 4A (kjem i tillegg til tal pålagte tilsyn). 	<p>I 2005 ble systemrevisjon i henhold til sosialtenestelova kap 4A gjennomført i 3 kommunar, Herøy, Molde og Surnadal kommune.</p> <p>Det blei gjennomført landsomfattande fellestilsyn med kommunale helse og sosialtenester i tre kommunar, Stranda, Fræna og Aure.</p> <p>I 2005 gjennomførte fylkesmannen 7 stedlege tilsyn i henhold til kap. 4A</p>

	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre minst 4 tilsyn med private rusmiddelinstusjonar, i dei fylka der slike fortsatt finns (kjem i tillegg til tal pålagte tilsyn). Private tenester - tilsyn med verksemders inngåing av kontrakter 	<p>I tillegg blei einskildsaker fulgt opp ut frå tilsynsheimelen i § 2-6 i sosialtenestelova.</p> <p>Ein kommune blei fulgt særskilt opp ut frå mangel på enkeltvedtak.</p> <p>Rapportert til Statens Helsetilsyn 20.1.2006.</p>
81.2	Områdeovervåking	
81.3	<ul style="list-style-type: none"> Tida frå mottak av klage til vedtak skal ikkje overstige 3 månadar i gjennomsnitt 	Det er behandla ei klage.
81.4	<ul style="list-style-type: none"> Klager over skadeavvergende tiltak skal prioriterast. Overprøving av vedtak og behandling av søknadar om dispensasjon bør skje fortløpande og behandlingstida ikkje overstige 3 månadar 	<p>I 2005 mottok fylkesmannen ein (1) klage innan området tvang og makt. Klaga vart behandla av fylkesmannen etter sosialtenestelova § 4A-11.</p> <p>I 2005 godkjende fylkesmannen til saman 118 vedtak om bruk av tvang og makt.</p> <p>I 2005 fatta fylkesmannen 49 vedtak om dispensasjon frå utdanningskravet.</p>

Resultatområde 82: Tilsyn og klagesaksbehandling etter helsetenesteloven

R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
81.1	<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre minst 17 tilsyn med helsetenesta som systemrevisjonar. Helsetilsynet i fylka innafor ein region skal drøfte tilsyn med spesialisthelsetenesta i regionen for 2005 før dei fylkesvise tilsynsplanane besluttet i det enkelte fylket. Tal tilsyn med spesialisthelsetenesta i regionen, fordeling på det enkelte helseforetak og lokalisering / institusjon og tema skal inngå i drøftingane. Som utgangspunkt for drøftingane skal det leggest til grunn at tal tilsyn med spesialisthelsetenesta, jf. resultatkrava ovanfor, minst skal være i nord 13, midt-Norge 14, vest 17, sør 22 og øst 23. Dersom fylkeslegane vil sette talet lavere enn dette skal det begrunnast. Dersom drøftingane medfører behov for å endre resultatkrava for enkelte fylker skal dette meldast til Helsetilsynet. 	<p>Egen rapport er sendt til Statens helsetilsyn 20.1.06.</p> <p>Gjennomført:</p> <ul style="list-style-type: none"> landsomfattande fellestilsyn med kommunale helse og sosialtenester i tre kommunar, Stranda, Fræna og Aure landsomfattande tilsyn for å sikre forsvarleg pasientbehandling i to helseforetak, Helse Sunnmøre HF, Ålesund sjukehus og Helse Nordmøre og Romsdal HF, Kristiansund sykehus eigeninitiert tilsyn med korleis pasientar blir sikra vurdering, nødvendig helsehjelp og fritt sjukehusval ved kirurgiske poliklinikkar ved eitt helseforetak, Helse Sunnmøre HF, Volda sjukehus eigeninitiert tilsyn med tenesta i private sjukehus med fokus på inn- og utslusing av pasientar og journalskriving ved Medi 3 AS og Medi 3 Molde AS. eigeninitiert tilsyn med legemiddelhandtering, smittevern, medverknad og informasjon i fire kommunar, Kristiansund, Rindal, Aukra og Sandøy eigeninitierte tilsyn med samfunnssikkerheit og beredskap, i samarbeid med Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/ beredskapsseksjon, gjennomført i ni kommunar
82.2	<ul style="list-style-type: none"> Helsetilsynet i fylkene skal ha kjennskap til fare for svikt i legedekningen i kommunane 	<p>Medisinalmelding for 2005 er under utarbeiding – vert litt foreinka i høve fristen 1.3.06. Rapporteringa vil innehalde ein vurdering av situasjonen i fylket inkludert utviklingstendensar, samt eventuelt kva aktivitetar</p>

	<ul style="list-style-type: none"> • Medisinalmelding • Verdt-å-vite-melding • Fortløpende registrere meldinger etter spesialisthelsetenesteloven § 3-3 i databasen • Helsetilsynet i fylkets vurdering av helseforetakets kvalitetsarbeid skal gå fram av registreringa 	<p>Helsetilsynet i fylka har hatt på dei ulike områda</p> <p>Er utarbeidd i h.h.t. oppdrag.</p> <p>Mottatte § 3-3 meldingar om hendingar som har funnet sted i 2005 er meldt inn. Disse vil danne grunnlag for årsrapporten fra Meldesentralen og inngå i Helsetilsynets risikovurdering ved val av framtidige tilsynsaktivitetar.</p>
82.3	<ul style="list-style-type: none"> • Median saksbehandlingstid ved Helsetilsynet i fylka for tilsynssaker som avsluttes i 2005, skal vere 5 månadar eller mindre, ved maksimalt 1 700 nye saker for kvart av åra 2004 og 2005 	Egen rapport sendt til Statens Helsetilsyn 20.1.2006.
82.4	<ul style="list-style-type: none"> • Ut fra sakenes karakter blir føresett at saksbehandlingstida er kort, og at median saksbehandlingstid ikkje overstig 3 månadar 	Saksstatistikk er rapportert 30.04., 31.08. og 31.12, der sistnemnde rapportering skjer ved førebels rapport 7.1.2006, og endeleg rapport 20.1.2006.
82.5	<ul style="list-style-type: none"> • Meldingar om vedtak om tilbakehald av rusmiddel-misbrukarar. Følgje opp meldingar som tilsynsmynde når det er grunnlag for det. • Implementering av IK-forskriften i helse- og sosialtjenestene • Deltaking i Arbeidstilsynets tilsyn med arbeidsmiljø i sykehus 	

3.9 Oppgaver på Samferdselsdepartementets område

Resultatområde 91: Avkjørselssaker etter vegloven		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
91	<ul style="list-style-type: none"> • Klagesaker skal behandlast innan 3 månadar. 	Behandla 4 saker i 2005 – alle behandla innan fristen.

3.10 Oppgaver på Utenriksdepartementets område

Resultatområde 93: Apostiller		
R.krav/ oppdrag	Resultatkrav/oppdrag	Rapport
93	<ul style="list-style-type: none"> • Påføring av apostille 	Påført 792 apostiller.

Vedlegg 1

Resultatrapportering for 2005

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Lovlighetskontroll

Fylkesmannens lovlighetskontroll av kommunale avgjørelser, jf. kommuneloven §59:

Lovlighetskontroll tatt opp etter klage, jf. kommuneloven § 59 nr. 1	Antall
a) I hvor mange av disse sakene har fylkesmannen truffet vedtak i 2005?	8
b) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen opprettholdt?	8
c) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen kjent ulovlige?	0

Lovlighetskontroll tatt opp på fylkesmannens eget initiativ, jf. kommuneloven § 59 nr. 5	Antall
a) I hvor mange av disse sakene har fylkesmannen truffet vedtak i 2004?	1
b) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen opprettholdt?	1
c) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen kjent ulovlige?	0

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m v

Fylkesmannens rapport for 2005

Fylkesmannen i

Møre og Romsdal

Dato for utfylling

28.02.2006

Rapport om klagesaker etter Lov om omsetning av alkoholholdig drikke m v

1 Antall klagesaker:

Inkluderer også ubehandlede saker. En klage kan gjelde flere forhold.

Antall	2

2 Oversikt over vedlegg:

Alle behandlede klagesaker skal sendes elektronisk til hwi@shdir.no dersom dette ikke er mulig skal de legges ved rapporten.

Saksnummer	Lovhenvisning
2003/3151	Alkoholoven § 1-7a
2005/4208	Alkoholoven § 1-7a